ALVER
KOMMUNE

Arne Mangerøy
Selfallet 78 B
5936 MANGER

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar:<br>Vår: 20/14494 - 21/3369 | Hogne Askeland<br>hogne.askeland@alver.kommune.no | 18.01.2021 |

# Svar på førespurnad om status i sak 20/14494 støy frå industriområde Mangerøy Kjebogen

Me viser til din e-post av 11.01.2021 der du opplyser at fartøyet Skandi Constructor vart starta opp søndag kveld og ligg med motor i gang måndag føremiddag.

Du spør om framdrift i denne saka og at det siste du finn frå Alver kommune si heimeside er frå 23.11.2020.

Me har tidlegare opplyst at kommunen har oppretta sak – sak 20/14494 og har kontakta Granit Radøy AS for vidare oppfølging. All vidare saksgang vil vere ei sak mellom kommunen og den ansvarlege for hendinga. Du kan be om innsyn i saksdokumenta ved å nytte vår heimesider, sjå:

https://www.alver.kommune.no/innhald/politikk-og-hoyringar/innsyn-i-saker/

Avdeling for miljø og tilsyn er i dialog med Granit Radøy AS om tilhøva kring støyforholda frå industriområdet Mangerøy Kjebogen og har gjeve bedrifta frist til 05.02.2021 for å melde tilbake til kommunen.

Med helsing
Alver kommune Miljø og tilsyn

| | |
|---|---|
| Siril Therese Sylta<br>Avdelingsleiar | Hogne Askeland<br>Konsulent |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Arne Mangerøy | Selfallet 78 B | 5936 | MANGER |